

Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker: c836721b-b6ea-4887-b846-a3cb19008668  
Vår: 22/5269 - 22/55828

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
07.07.2022

## **Høyringsuttale - Alver kommune vegavdeling - Detaljreguleringsplan for Galteråsen næringsområde, gbnr. 137/832 mfl. PlanID 46312021002**

Avdeling Samferdsel, veg-, vatn- og avløp- forvaltning har gått gjennom planframlegget for detaljregulering av Galteråsen næringsområdet og har nokre merknader med forslag til endring/tillegg til planføresegnerne.

Avdeling for vegforvaltning meiner det er positivt å knytte saman industriområda med hovudtilkomst via rundkøring ved fv565 med dagens tilkomst til Galteråsen. Vegen må dimensjonerast for tunge og lange køyretøygrupper.

Med tanke på trafikksikkerhet langs kommunal veg Alvervegen som både er skuleveg, turveg og bustadveg, ynskjer ein å sikre at tyngre køyretøy ikkje nyttar krysset frå fylkesvegen inn på den kommunale Alvervegen når ny samleveg for industrianlegg er etablert. Dagens tilkomst til Alver Næringsområde via Alvervegen bør difor stengast med bom slik at det ikkje vert auke i trafikk med gjennomkjøring frå industriområdet via Alvervegen ut på fv565 via dette krysset.

Vegavdelinga har følgjande forslag til endring i føresegnerne til planen. Foreslått endring/tillegg er sett i raud, kursiv.

### **Føresegner**

#### **§ 2.3 Byggegrense**

§ 2.3.2 Det tillatast parkering, trappar, skjeringar, fyllingar og støttemurar utanfor og/eller nærmere nabogrensa enn regulerte byggegrenser. **Gjeld ikkje byggegrense mot veg.**

§ 2.3.3 Det skal sikrast nødvendig areal for avkørsler, **snøoppdrag, grøfter** og teknisk infrastruktur innanfor arealet mellom veg og byggegrense. Dette må skje før det kan tillatast andre tiltak som parkering, trappar, skjeringar, fyllingar og støttemurar.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00    www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

## **§ 2.4 Handtering av overvatn**

§ 2.4.2 Overvann skal førast bort frå bygde delar av tomtene på ein måte at det ikkje fører til ulempe eller skade for andre.

*§2.4.3 Avkøyrslar skal ha fall frå hovudveg for å unngå avrenning av overflatevatn til hovudvegen. Overvatn handterast lokalt på kvar enkelt eigedom. Overvatn frå veg og fortau skal handterast langs vegen, f\_SKV og f\_SGS1-2.*

## **§ 3.2 Samferdslesanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)**

Utforming (§12-7 nr. 1): § 3.2.1.1

Køyreveg f\_SKV og gang/sykkelveg f\_SGS1-2 skal utformast med breidde og kurvatur som synt på plankartet. *Veg, oppbygging og overflater skal dimensjonerast i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker for dimensjonerende køyrety MVT.*

## **§ 4.1 Omsynssoner (§ 12-6)**

§ 4.1.1. I område mellom frisiktlinje og køyreveg (frisiktzone) skal det til ei kvar tid vera fri sikt i ei høgde på 0,5m over vegplanen på tilstøytane *fortau og* vegar.

## **§ 5. Rekkjefølgjeføresegner**

§5.1 Før brukstillating (felt BN 1-6)

§ 5.1.2 Ved ferdigattest av veg til Galteråsen skal tilkomst frå Alvervegen til næringsområdet stengast med *skilt og bom. For å sikre tilkomst knytt til gardsdrifta i området må bom kunne opnast.*

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen

Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen

Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG